



# NOTAT

Formannskapet  
Ordførar Jørgen Amdam

**Sak: Økonomisk støtte - samlesak**

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Lopenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/148	4745/2016	223	SVK/INGJOH	20.04.2016

## VEDRØRANDE SØKNADER OM ØKNOMISK STØTTE

Volda kommune mottek frå tid til anna søknader om økonomisk støtte frå lag, organisasjonar og privatpersonar. Størrelsen på beløpa for den økonomiske stønaden det blir bedt om, varierer frå 2000 kr til 50.000 kr.

Det er ikkje sett av midlar til økonomisk stønad av denne sorten i årets budsjett – og det har det heller ikkje vore gjort dei siste åra. Tidlegare har denne type søknader blitt handsama administrativ og gitt avslag med grunngjeving i at det ikkje var sett av midlar i budsjettet.

Utfordringa med det siste er at det kan verte vanskeleg å ha ein praksis som vert opplevd som rettferdig, og praksisen kan verte vilkårleg ut frå kven som søker og ikkje søker. Dersom ein politisk vil prioritere økonomisk støtte til frivillige lag og organisasjonar, burde dette vore handtert prinsipielt med ei økonomisk ramme og klare kriterium for å kome inn under ordninga. Ettersom det ligg føre konkrete søknader, og kommunen ikkje har noko etablert ordning for tilskot til slike formål som det vert søkt om, så finn rådmannen det tenleg å drøfte med formannskapet korleis desse søknadene bør handterast. Ynskjer formannskapet å få dei framlagt som politiske saker til handsaming, eller skal vi handsame dei administrativt med tilvising til at det ikkje er avsett midlar i budsjettet til slike tiltak som dei søker om. Signalet formannskapet gir vil vere prinsipielt med tanke på korleis framtidige søknader også skal handsamast.

Dersom formannskapet vedtek å gje støtte til lag, organisasjonar og privatpersonar som søker, så bør dette dekkjast av formannskapet sitt disposisjonsfond.

Med helsing

Inger-Johanne Johnsen  
sektorsjef kultur og service